***Nordhordland kompetanseregion***
*for barnehage, grunnskule, PPT og vaksenopplæring*
Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy

Til
Styremedlemane

**Referat frå styremøte 06/17**
**Fredag 06.10.17. kl.09.00-12.00 på Nordhordland folkehøgskule, Veslestova**

Desse møtte: Bodil Boie Brekkan, Ragna Midtbø, Reidun Johannessen, Jan Olav Nordheim, Linda Husa og Astrid Brandal Øvsthus.

Meldt forfall: Alf Strand og Dina Dyrhovden. Radøy manglar folk.

Nestleiar Ragna Midtbø leia møtet.

**46/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.**
**Godkjent**

**47/17 GODKJENNING AV REFERAT FRÅ MØTE 21.06.17**
**Godkjent**

**48/17 DESENTRALISERT KOMPETANSEUTVIKLING**

Frå UH-sektoren møtte:

UiB: Frede Thorsheim, Astrid Tolo og Bjørg Hildeskår

NLA: Marit Mjøs, Jan Gilje og Birger Hjellum

HVL: Hedvig Rørvik, Lise Tønjum og Bodil Kjesbo Risøy

Møteleiar presenterte NKR sine behov ut frå det interne arbeidsdokumentet: «Desentralisert fordeling av midlar til skulebasert kompetanseutvkling – behov NKR til møte med UH-sektoren 06.10.17.

Hedvig Rørvik presenterte UDIR sine føringar i høve til satsinga på Desentralisert skulebasert kompetanseutvikling. Grunnlag for satsinga ligg i Meld.St. 21 Lærelyst-tidleg innsats og kvalitet i skolen og Meld.St.28 Fag-Fordypning-Forståelse. Satsinga har 3 hovudkomponentar:

1. Inovasjonsordning – forskningsmidlar.

2. Desentralisert skulebasert kompetanseutvikling.
3. Oppfølgingsordning – kommunar med dårlege score over tid får tilbud om hjelp frå Veilederkorpset.

Tanken er at dette er ei varig endring og ikkje eit kortvarig prosjekt. UH-sektoren skal inngå partnerskap med kommunane og tiltaka skal vare i 2-3år.

UH-sektoren presenterte kva dei kan bidra med i denne satsinga. Dei var klare på at dei hadde også behov for tid til omstilling i høve denne satsinga. Dei ville ikkje tilby ferdige «pakkeløysingar», men utforme tilbod i samarbeid med regionane/kommunane.

Det er akseptert i systemet at vi kan bruke tid på å planlegge dette arbeidet. UH-sektoren tenkjer at vi kan nytte våren -18 til å planlegge tiltak, med oppstart hausten 2018.

Dei første midlane vert fordelt til regionane hausten 2017.

Representantane hadde nokre spørsmål i forhold til å få konkretisert NKR sine behov. Når det galdt temaet analysekompetanse, var UiB mest konkret.  Det var nytt for dei å analysere «small data». Dei arbeidde med «big data».

Nedanfor bilete frå Knut Roald si forelesing der han presenterte skilnaden på big data og small data frå finsk skuleforskar: Pasi Sahlberg



## 49/17 TILSYN FORVALTNINGSKOMPETANSE

Jahn Olav Nordheim orienterte om sine erfaringar. Tilsynet var ei positiv oppleving. Det var ikkje slik at Fylkesmannen var ute etter å straffe, men for å hjelpe kommunane til riktig forvaltning. Områda dei hadde tilsyn på var Spesialundervisning og Særskild språkopplæring.

Modalen hadde teke i bruk nye malar som ligg på UDIR sine sider, men fekk avvik på foreldre og elevar sin medverknad før vedtak vart fatta og at vedtaket ikkje var tydleg på ved kva skule skal eleven få tilbod om særskild språkopplæring.

## 50/17 IKT - LONDON BETT 2018

Saka vart drøfta. Ingen av kommunane tenkjer å senda nokon til Bett i 2018. Først må vi få på plass ny LMS før vi kan tenkje på fleire nye satsingsområde.

## 51/17 SKRIV OG MELDINGAR

a) **Referat** frå møte i AU – 19.09.17

b) **Referat** frå møte vedkomande Internett og eksamen, datert 22.09.17

**Utsatt til neste møte.**

c) **Status samlingar og kurs**:

Gjennomført:

05.09.17: Inspirasjonssamling Its Learning på Dampen. 9 deltakarar.

05.09.17: Regional skuleleiarsamling Oppl.lova §9A.79 deltakarar

Planlagt:

19.10.17: Nettverkssamling for *rettleiarar* for nyutdanna,nytilsette lærarar i barnehage og skule

20.10.17: Nettverkssamling nyutdanna, nytilsette i *barnehage*

31.10.17: Regional skuleleiarsamling; Framtidas skule

25.10.17: Regional styrarsamling, (vert utsett til etter nyttår)

10.11.17: Planleggingsdag 3 tilbod for barnehagane

- Kari Pape, Ny rammeplan

- Anne Lene Dahl «Hverdagsmatematikk – hvordan få øye på matematikken i leken, språket, opplevelser og omgivelser?» **Avlyst.**
- Lene Holte: Pedagogikkens hjerte

16.11.17: Nettverksamling nyutdanna, nytilsette i *skule*

**Spørsmål:** Påmelding for skule? Det var uklart om skulefolk skulle melde seg på same rettleiingssamling som kom til barnehage.

Under planlegging: Textpilot - For Lærar, elev og foreldre, PPT

**d) LMS** – referat frå møte 12.09.17

**Nytt møte 03.11.17.**

Jo Tømmerbakke var NKR sin representant i gruppa. Skal vi sende nokon andre? Styret meinar at NKR er godt ivaretatt ved Dina og dei andre med skulefagleg kompetanse sin representasjon i gruppa.

**e) Invitasjon** til møte med Kulturtanken 20.10.17 (vedlegg)

Ingen har høve til å møta.

**52/17 MOGELEGE ANDRE SAKER**

Dina har fått spørsmål frå Valestrand skule om Kurs for skuleassistentar 10.11.17. Det har ikkje vorte planlagt noko kurs for assistentar denne dagen.

Skulane må sende inn behov for kurs til NKR så kan ein planlegge eit tilbod for skuleassistentar/SFO til planleggingsdagen i februar 2018.

Framlegg frå Austrheim i møtet: Sinnemeistring som tema.

**53/17 SKULERUTA 2018/19**

Saka vart drøfta. Vi vart samde om fylgjande:

Skuleruta for Bergen kommune vert lagt til grunn med desse endringane:

- 10.september 2018 vert vanleg skuledag. Den elevfrie dagen vert flytta til 21.juni.

- Felles kursdagar i NKR vert 9. november 2018 og 1. februar 2019.

Referent 06.10.17

Astrid Brandal Øvsthus

Vedlegg:

Presentasjon frå HVL-UIB – Frede Thorsheim